



Odd Geir Taule
Røsvikhaugane 9
5914 ISDALSTØ

Referansar:
Dykkar:
Vår: 17/1404 - 18/2344

Saksbehandlar:
Tonje Nepstad Epland
tonje.epland@radoy.kommune.no

Dato:
14.02.2018

Byggesak gbnr 65/2,5 og 6 Frottaule - sjøveg - avvisning av klage på gebyr

Radøy kommune viser til dykkar e-post av 02.02.18 der det er fremja klage over at det er kravd gebyr for søknad om dispensasjon frå arealføremål LNF og byggeforbod i strandsone.

Det er gebyr for sakshandsaming etter plan- og bygningslova, jf. plan-og bygningslova § 33-1, og den som sendar inn søknad pliktar å betale gebyr. Betalingsplikten gjeld sjølv om det vert gjeve avslag på søknaden.

Gebyrfastsetting

Kva gebyr som gjeld går fram av *Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningstjeneste i Radøy kommune* (gebyrregulativet).

Dykk har søkt dispensasjon frå arealføremål LNF og frå byggeforbod i strandsone. Søknaden kom inn før 01.07.17 og gebyr er difor fastsett etter gebyrregulativ vedteke av Kommunestyret i Radøy kommune 11.12.14 og gjeldande frå 01.01.15.

Gebyr for dispensasjon frå arealføremål LNF følgjer av gebyrregulativet pkt 9.1.2 «Dispensasjon som gjeld arealføremål i plan» kr 9 700. Gebyr for dispensasjon frå byggeforbod i strandsone følgjer av gebyrregulativet pkt 9.1.1 «Dispensasjon som gjeld byggeforbod i strandsone» kr 9 700.

Kommunen har samordna sakshandsaminga i dykkar sak og har difor bare kravd eit dispensasjonsgebyr.

Gebyret følgjer direkte av forskrifta og er ikkje fastsett ved enkeltvedtak.

Klage over gebyr

Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf. gebyrregulativet pkt 4.13:

4.13 Klage

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klage over ei forskrift, jf forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret.

Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Kommunal klagenemnd er klageinstans.

Kommunen oppfattar at dykkar klage gjeld at det er kravd gebyr, og at dykk ikkje har vorte opplyst om gebyret før dykk sendte inn søknaden. Som det fremgår av gebyrregulativet pkt 4.13 er det ikkje høve til å klage over at det er kravd gebyr eller over storleiken på gebyret. Dykkar klage over gebyr kan følgjeleg ikkje handsamast.

Med helsing

Tonje Nepstad Epland
leiar teknisk forvaltning

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Odd Geir Taule

Røsvikhaugane 9

5914

ISDALSTØ